

## **Samandrag Soga om Olav den heilage, Haraldsson**

Tala er kapittelnummer

Barndom og ungdom, 1-28. I viking med sjøkongenamn fra 12 år. [Altså fra 1007; fødd 995. Døypt som barn i Soga om Olav Tryggvason.]

- Barndom. 1-4.
- I austerveg 4-11, i teneste hos kong Adalrød i England 3 år, 12-15, så i viking lenger vest, 16-18.
- Hendingar i Noreg: Eirik jarl styrer, Erling Skjalgsson utfordrande mektig. Eirik til England for å hjelpe Knut danekonge ta landet; dør der. 22-26
- I Normandie med Adalrød-sønene, Olav med dei i forsøk på å ta att England. 27-28.

Tek Noreg

- Kjem til Noreg [år 1015, 20 år gml]. Fangar Håkon Eiriksson jarl, som gjev frå seg riket og fer til kong Knut i England. 29-32.
- Teken til konge på Opplanda, støtte der, 37. Trugar seg til kongsnamn i søre Trøndelag, 38.
- Svein Håkonsson jarl og Einar Tambarskjelve jagar Olav frå Trøndelag med bondehær, 44.
- Sjøslag i Langesundsfjorden, Svein og Einar taper, 50, og søker tilflukt hos sveakongen Olav, 51; Svein dør i austerviking.
- Olav teken godvillig til konge i Trøndelag, 56.

Strid med Olav sveakonge, som krev Noreg fordi tok det frå Olav Tryggvason ved Svolder.

- Svenske skattkrevjarar til Trøndelag, møter kongen, éin drepen, hin fer heim utan ære, 59.
- Kristnar og blir teken til konge på Vestlandet, 60.
- Utsendingar til Island, byd venskap og betre kristenhald, 60.
- Teken til konge i Vika, 61.
- Tek Ranrike / Båhuslen att frå sveakongen Olav, teken til konge der, blir verande i Vika, 61.
- Småstrid med sveakongen, Øyvind Urarhorn er ”agent”, 63-66. Vor konge 3 år.
- Leidang til Ranrike, blir ven med Ragnvald Ulvsson, jarl i Västergötland, 67.
- Forsøk på forlik med Olav sveakonge: Bjørn Stallar, med Hjalte Skjeggeson og Sigvat skald, send til sveakongen via Ragnvald jarl, 68-69. Hjalte fer åleine og uoffisielt til sveakongen, 70. Får Ingegjerd kongsdotter interessert i giftarmål med Olav H., 72.
- Kristnar i Vika og på Opplanda, med drap og skamfaring, 73-75. Opplandskongane reiser seg, blir fanga og utviste eller skamfarne; leiaren Rørek blir blinda.
- Sveakongen går med på forlik, pressa av Ragnvald västgötejarl og lagmann Torgny med sveabøndene i ryggen, 77-80. Gjev opp kravet på Noreg, skal gifte bort dotter Ingegjerd til Olav H.
- Etterspel om Rørek, som kongen har med seg [sparar liv fordi slektning]: Rømer, drep hirdmann, stikk etter Olav med kniv. Blir send til Grønland, hamnar på Island, dør der. 81-85.
- Olav sveakonge bryt forliket, møter ikkje med brura, 87.
- Olav H. hemn: Gifter seg med Astrid, frilledotter til sveakongen, utan hans samtykkje, 91-92.
- Ingegjerd gift bort til Jarisleiv / Jaroslav, konge i Gardarike / Novgorod, 93.
- Sveane reiser seg mot Olav Svenske, tek til konge sonen Jakob, som får namnet Anund. Olav Svenske blir spak, gjer forlik både med sonen, bøndene og Olav Haraldsson. 94.

Strid om Orknøyane, mest om strid mellom Orknøy-jarlane:

- Fleire jarlar stridest om Orknøy-riket. Olav utnyttar striden, klarer å få dei til å gje frå seg rika sine og ta imot dei som len av kongen, 96-103.

Hålogaland og Inn-Trøndelag, kristning og motstand:

- [år 1021] Hålogaland [= Nordland + Troms]: Olav tvangskristnar. Tore Hund på Bjarkøy og Hårek på Tjøtta blir lendmenn. 104-06.
- Inn-Trøndelag: Olav får nyss om blot, drep leiaren Olve på Egge, tvangskristnar. Kalv Arneson får enkja og garden og blir lendmann i Inn-Trøndelag. 107-09.
- [år 1022]: Tvangskristnar Gudbrandsdalen, 111-13.
- Tvangskristnar Opplanda, 114.
- Asbjørn Selsbane: Er stormann i Troms, systerson av Erling Skjalgsson og brorson til Tore Hund. Uår, seglar til Rogaland for å kjøpe korn. Blir nekta av kongs-årmann Tore Sel; kongen har nekta kornutførsle frå Vestlandet. Får kjøpe av Erling Skjalgsson, men Tore Sel tek lasta. 117. Asbjørn hemn: Drep Tore Sel [→ tilnamn Selsbane] framføre kongen, 118. Erling møter opp med hær og klarer å få forlik, som Asbjørn bryt. 118-20. Etterpå uvenskap kongen : Erling, 121.
- Tvangskristnar Voss og Valdres, 121.
- Undergrev Hårek på Tjøtta: Gjev Åsmund Grankjellsson halve Hårek sitt lendmannsdistrikt. 123.

- Åsmund drep Asbjørn Selsbane for kongen, 123.

#### Færøyane og Island

- Kongen prøver å leggja under seg Island. Klarer å ta Færøyane; kallar til seg stormenn, pressar dei som gislar, 125-27.
- To skattkrevjarskip til Færøyane blir borte, 130.

#### Strid med Knut den mektige, aukande motstand innanlands.

- Knut melder krav på Noreg etter å ha kuva England, 130-31.
- Olav og Anund sveakonge allianse mot Knut, 132.
- Bjarmeland: Olav sender Karle dit, Tore Hund blir uspurd med, yppar til strid, drep Karle. 133.
- Olav kallar til seg Toralv frå Dimun frå Færøyane, vil truleg spørja om dei forsvunne skattkrevjarskipa. Han blir drepen i Noreg, kanskje av brorsønene til Trond i Gata, færøysk stormann, for å løyne lagnaden til skattkrevjarane. 135.
- Held att islandske stormannssøner som gislar, vil presse islendingane under seg. 136.
- Ein av dei, Stein Skafeson, ryk uklar med kongen og blir fredlaus. Torberg Arneson hyser han; er svigerson av Erling Skjalgsson og bror av Kalv Arneson. Erling og Torberg med brør – Finn m. fl. – møter kongen med hær, får forlik for Stein. 138.
- Finn Arneson send til Hålogaland og kallar inn leidang. Krev bot frå Tore Hund for Karle. Tore betaler berre litt, og fer til Knut i England. 139
- Olav dømer mot Hårek på Tjøtta i strid mellom han og den andre lendmannen, Åsmund Grankjellson. 140.
- Jemtland: Kongen vil sende skattkrevjar; folk motvillige fordi andre er drepne. Islendinggissen Torodd Snorreson melder seg. Får ”nei” av jemtane, dei held han fanga; han klarer å røme med hjelp av jemten Arnljot Gjelline. 141.
- Færøyane: Olav sender Karl Mørske for å krevja skatt. Blir drepen på Færøy-tinget av brorsønene til Trond i Gata. 143.
- Leidang til Danmark, utan Erling Skjalgsson, som har reist til Knut i England. Olav møter Anund sveakonge, begge herjar Skåne og Halland [som var danske]. 144-45.
- Knut kjem med hær frå England, 146-48. Slår nordmennene og sveane aust i Skåne. 149-50. Stenger nordmennene inne i Austersjøen, Olav fer seinhaustes heim over land. 151-59
- Erling Skjalgsson kjem heim med stor rikdom som han kjøper stormenn for Knut med. 161.
- Olav prøver å by ut leidang i Vika, men vanskeleg, folket vendt seg bort. 167.
- [1028] Knut kjem med kjempehær frå Danmark, seglar til Trøndelag, teken til konge. Håkon jarl (som Olav fanga og jaga da han kom til landet i 1015) skal styre landet. Erling Skjalgsson, Tore Hund og Hårek lendmenn under han. Knut seglar sør og teken til konge i Vika. Olav ligg hjelpeslaus i Drammensfjorden. 171-73.
- Olav fangar Erling Skjalgsson, han blir drepen. 175-76.

#### Må fly, landflyktig

- Det blir samla hærar mot Olav, han flyr frå Sunnmøre over land til Gardarike. 177-81.
- Håkon jarl druknar i Nordsjøen. 184.

#### Kjem att

- [1030]: Olav kjem att over Jemtland til Trøndelag, med hær av trugne nordmenn, svenskar og eventyrarar. 192, 196-205.
- Møter mykje større bondehær på Stiklestad i Inn-Trøndelag, leidd av Kalv Arneson. Olav drepen av tre sår, det siste frå Tore Hund. 220-29.

#### Etterspel

- Jartegner ikring liket til Olav. 236-38.
- Svein Knutsson konge i Noreg. Berre barnet, styrer i lag med mora, Alfiva. Danske lover, strengt og urimeleg styre av danskar, upopulært. Folk angrar på at dei gjekk mot Olav. 239, 247.
- Tryggve, som påstår son av Olav Tryggvason, kjem med hær frå Irland (?) tre år etter. Blir drepen i slag mot Svein og leidangshæren. 248-49.
- Kalv Arneson og Einar Tambarskjelve fer til Gardarike, til Magnus Olavsson [seinare *den gode*], blir mennene hans og lovar å hjelpe han til Noregs rike. 250-51.

Eldar Heide, 19.09.2007